



FAU ved Manger skule

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2417 - 15/4552

Saksbehandlar:
Silje Vikøren Palmesen
silje.vikoren.palmesen@radoy.kommune.no

Dato:
22.04.2015

Referat frå møte i FAU 15.04.2015

Tilstades: Øyvind Morken, Nina Larsen, Kathrine Murberg, Trond Sverre Myrtveit, Kari Færøy, Nina Uthaug, Mai-Liss S. Møn, Karianne Tveiten, Mona og Marianne Lilletveit.

Forfall: Willem Vogelaar, , Tor Erik Skråmestø, Margrethe Kalsås, Karen Toska,

Grunna misforståingar var ikkje innkallinga til dette møtet sendt ut pr. post. Det var sendt innkalling pr. sms, men i alle fall ein av medlemane har ikkje motteke denne.

Skyssutgifter leirskule

Kari har vore i kontakt med kommunalsjef oppvekst og rektor vedkomande kven som skal dekke utgifter til skyss på leirskule i 7. klasse. Det har vore tradisjon at desse utgiftene vert dekka av klassekassen til den aktuelle klassen. FAU ønskjer å senda eit brev til kommunalsjefen med kopi til rektor, der ein ber om at desse utgiftene vert dekka av kommunen. For årets 7. klasse vil nok dei måtte ta desse utgiftene frå klassekassen. Karianne og Kathrine stilar eit utkast dom dei legg ut på facebook for eventuelle kommentarar.

17. mai

* Det vart gjort nokre endringar på dugnadslistene. Desse skal no vera klare. Det vart bestemt at desse skal sendast ut siste mandag i april. Det må skrivast på alle klassar sin vekeplan at desse ligg i sekkane. Nina U. tek ein runde i klassane og forklarer kor viktig det er at alle foreldre møter.

* Nina U. og Trond Sverre må få disposisjonsrett til FAU sin bankkonto. Nina ordner med bank og Margrethe 16.04 og Trond Sverre må inn og signere etter denne datoен.

* Alle klassar skal ha kr. 2000 etter innsatsen på 17.mai i fjor. Desse pengane er enno ikkje utbetalte. Nina ordner dette. Sidan 7. klasse har større utgifter i år, får dei årets oppgjer på førehand (kr. 4000). Dersom FAU bestemmer at summen skal aukast i år, får denne klassen etterbetalt.

*Margrethe har ikkje fått svar når det gjeld betasuppa og bede om at andre tek over den oppgåva. Mai.Liss tek ansvaret og tek kontakt ulike stader for prisførespurnad på betasuppe og graut. Ho tingar maten der den er rimelegast.

Matgruppa kjøper inn det som ikkje vert levert med suppa. Dei må få beskjed hjå Mai-Liss når ho veit noko om det.

*Willem skal trykkje 17.mai programmet. I fjor betalte FAU 1000 kr til kommunen for lån av kopimaskina.

* 5. og 6. klasse har teikna teikningar som skal på framsida av programmet. Dei forslaga som ikkje vart plukka ut skal monterast på plakat og hengjast opp i Radøyhallen. Marianne ordner det. Nina U. leverer det forslaget som var bestemt til Willem.

*Utkøyring av program vert som følgjer:

| Kven | Kvar |
|--------------|---|
| Kathrine | Marås, Li, Brattetaule, Lervik |
| Øyvind | Kolås, Ulvatn, Kviste til Hydroen |
| Trond Sverre | Frå Ishuset, Dalland, Helland |
| Mai-Liss | Seifaldet, Toska |
| Marianne | Urhaugen, Smedbrekka til og med Gran |
| Mona | Frå R. Grindheim til Kaien og Neset |
| Nina L | Hydroen, Hesthaugen, Prestmarka, Rema og til krysset ved kommunen |
| Kari | Frå krysset ved kommunen til Aksnes-huset |
| Nina U. | Myking, Grindheim, Hellaneset til Ishuset |
| Karianne | Kyrhovden |
| Tor Erik | Solen og øvre Manger (Odd Matre, Erstad-huset) |

- Nina U. tingar blomar hjå blomsterverkstaden.
- Nina U. tek ansvar for at dei framandspråklege forstår innhaldet i dugnadslista.
- Margrethe kjøper inn serviettar, pynt med meir.
- Matgruppa kjøper inn gevinstar til sykkelløpet saman med resten av maten. Type småsjokoladar.
- Fylkesordføraren må ha eit reservert bord. Kenneth Murberg tek kontakt med leirarar i ulike lag og organisasjonar med invitasjon til å sitje med det bordet.
- Nina U. og Marianne oppfordrar klassane til å gå bak klassefanene og evt. Laga eit 17.mai-rop??
- Det vart avtala å ha eit møte kort tid etter 17.mai for evaluering. På dette møtet må det bestemmast kven i komiteen som vert med til neste års komité (rådgjevar).

Ymse

Det kom forslag om å bruka FAU pengar på ulike aktivitetar til klassane. Til dømes Dale Oen senteret, eller klatreparken på Manger. Dette kunne leggjast inn fast på ulike trinn.

Det vart avtala nytt møte onsdag 6. mai kl. 18.00

Øyvind Morken leiar FAU
Nina Uthaug leiar 17. mai komiteen.

Marianne V. Lilletveit – sekretær-

Med helsing

Silje Vikøren Palmesen
sekretær Manger skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

FAU ved Manger skule